

# Fargesprakande filmfest

– Kva dokumentarfilmfestivalen har å seie for Volda? Det er berre å sjå seg rundt det!

Randi H. Longva

Dette seier Kjell Magne Rindal. Han var ein av mange som tok turen innom folkefesten i paviljongparken laurdag førmiddag. Ein park fylt av grillduft, musikk, applaus og aktivitetar.

– Hadde det ikkje vore for studentane, hadde det ikkje blitt laga i stand denne type arrangement i bygda. No er det på tide at kommunen gjer gjengjeld, og gjev studentane eit studenthus, legg Rindal til.

## Folkefestival

Men er dokumentarfilmfestivalen viktig for den gjennomsnittlege borgar av Volda? Eller er det berre eit ypperleg høve for studentane til å kome seg vekk frå eksamensførebuingane, og inn i kinorørket for nokre dagar? Blir festivalen kun halden opp av studentane, samt tidlegare voldstudentar som ønskjer å gjenoppleve glade studiedagar?

– Vi ønskjer å vere ein folkefestival, og vi har eit variert og kvalitetsmessig godt program som legg opp til at det skal vere nettopp det. Men eg forstår og dei som oppfatar dokumentarfilmfestivalen som ei ny studentveke. Det er mellom anna derfor vi legg mykje arbeid i å få til ein folkefest, for å unngå at festivalen berre foregår på samfunnshuset, seier Elisabeth Haddal Røsvik, informasjonssansvarleg for festivalen.

Røsvik understrekar at dei har hatt eit godt samarbeid med lokale krefter i Volda for å få til folkefesten. Men ho legg til at dei kanskje må prøve å jobbe enda meir for å knekke den koden som gjer at folk oppfatar heile festivalen som ein ekte Volda-festival for alle.


– Vi har i alle fall fått positive tilbakemeldingar på programmet. Viktige tema er blitt tekne opp, med dokumentarar som handlar om alt frå omsjering til tema om konfliktområde, legg Røsvik til.

Ho opplyser at dei laurdag førmiddag hadde selt godt oppunder 1000 festivalpass, mot 800 under heile festivalen i fjor. Og arrangementet har i følgje Røsvik glidd knirkefritt. Forutan eit program med rundt 80 filmar, har det under festivalen òg vore seminar, debatt, idédugnad og intervju med filmskaparar.

## Idealistisk

Utanfor eit filmtelt for barna finn vi Birgit Berg, som har meldt seg som frivillig til å hjelpe til under folkefesten. Ho talar meir enn gjerne i rosende ordelag om festivalen.

– Det er eit svært prisverdige tiltak som eg vil støtte. Som tilflyttar til Volda ser eg festivalen som ei gave til folket i bygda. Men det er ei utfordring å kanskje tydeleggjere festivalen sin profil enda meir, og fortelje om festivalen enda tidlegare i prosessen. Det har blitt annonsert, men det er kanskje ein annan type informasjon bygdefolket vil ha, uttalar Berg. Ho



Klasse 10D ved Volda ungdomsskule framførte innslaget «Harry» under folkefesten i paviljongparken laurdag.

har fått med seg både dottera Elna og sonen Odmund til å hjelpe til under festivalen. Berg tykkjer det er viktig å dra dei med, slik at dei får sjå korleis ting fungerer.

– Lengje leve idealismen! Eg tykkjer det er så godt å sjå at unge menneske produserer reflekterte filmar, filmar med mening, med ein bodskap. Det er eit utruleg høgt nivå på mykje av det som blir vist under festivalen, legg Berg til.

Dottera Elna kjem springande bort til mor med noko ho absolutt må få fortalt. Elna har hjulpet til med å hengje opp plakatar, bere bord og ho har enda til laga ein eigen filmplakat til barnefilmteltet.

– Det er kjempegøy å vere her! Elles skjer det ikkje så mykje i Volda, fortel Elna.

## Liv og røre

Kirsti Skåra har teke med seg gutane sine Kristoffer og Andreas på folkefesten. Litt sjenerte stoppar dei to pøkkane framfor ein stor gul fugl på to bein som deler ut snop til borna. Mor står lukkelegvis trygt i nærleiken.

– Denne festivalen pregar bygda, spesielt med musikk og showet under folkefesten. Men eg har ikkje vore på arrangement under festivalen før i dag, fortel Skåra. Kirsti, Kristoffer, Andreas og resten av dei fleire hundre menneska som var innom paviljongparken laurdag fekk i alle fall ikkje høve til å keile seg. Scena var fylt med alt frå rockebandet Spett, Eva Mørkeset med einkvinneforestillinga Snøkvit og innslag frå Volda Blandakor. Stor applaus hausta særleg Andrea Helset Engeset og

Karen Klepp Bjørdal som framførte ein dans dei tydeleg hadde brukt mykje tid på. God respons fekk og innslaget «Harry» servert av klasse 10D. Alle element innanfor rånokulturen var godt representert på scena - med forvokste Wunderbaum, terningar på to bein og sleipe rånarar. Folkeleg? Ja, definitivt!

Å, så fin ein indianar. Vesle Mathias Rindal ser stolt på resultatet, med den stolte mor Ragnhild Graff Jansen i bakgrunnen.



Elna Knutsen Berg, Birgit Berg og Odmund Knutsen Berg - med håret i kjent stil framfor andletet - er alle saman med som frivillige under dokumentarfilmfestivalen.

## Vinnarfilm

«When the war is over» vart kåra til den beste dokumentarfilm under dokumentarfilmfestivalen i Volda. Filmen tek for seg etterverknaene etter apartheidstyret i Sør-Afrika. Regissør er Francois Verster.

Tone Grøtjord stakk av med prisen for beste studentproduksjon for filmen «Brothers». Filmen viser dagleglivet til brødrene Arne og Øystein i barndomsheimen i Flåm, og eit innblikk i van-

skane dei har med å tilpasse seg omverda.

«Noe med film» var ein klar vinnar av publikumsprisen, med 86 av i alt 406 stemmer. I filmen møter vi ein kompisgjeng, regissør Frode Myhra Skog og tre kompisar, som startar sitt eige filmselskap, og deira møte med den vanskelege og til tider kyniske mediebransjen.

## Godt nøgd med festivalen

Leiar for den norske dokumentarfilmfestivalen 2003, Lene Dreyer, er veldig fornøgd med festivalen.

– Ingen av styremedlemmane har vore med på å setje i stand denne festivalen før, så vi var spente. Eg trudde det skulle bli meir krøll. Sjølvsgatt har vi hatt nokre forsenkingar, med fem minutt her og fem minutt der, samt litt teknisk krøll, men det verkar som om publikum har vore fornøgd likevel. Då har heller ikkje vi stressa oss opp, seier ei særsliten Dreyer til Summørsposten.

Rundt 50 frivillige har sørgt for å halde hjula i gong under festivalen, i tillegg til dei 11 styremedlemmane og dei som har laga festivalplakat, vignetar, vignettmusikk og etikettar på dokfilmbrusa.

På spørsmål om Dreyer opplever arrangementet som ein studentfestival eller som ein folkefestival, svarer leiarer:

– Det er ikkje ein studentfestival, men ein festival som alle kan ha glede av. Men det er kan hende eit problem at enkelte i lokalmiljøet ser på festivalen som eit internt arrangement, uttalar Dreyer. Som trass alt ikkje er mis-



Kristoffer våger seg litt sjenert bort og får ein karamell med fuglemannen.

nøgd med oppmøtet til vordingane.

Når det gjeld økonomien, reknar Dreyer med at dei skal gå i null. Med 20 kroner for eit festivalpass, og billig mat, drikke og øl, legg dei ikkje opp til å robbe folk.

– Festivalkafeen er eit underskotsprosjekt, og vi tener nokre få kroner på sal av øl. Men vi har mange gode sponsorar, og er veldig heldige som har så mange frivillige



## KJØKKEN-DAGER

Ekstra gode kjøkkentilbud i Mars på modellene: Bjørk, Eik og Kastanje



Fossline tilbyr mer enn en vanlig kjøkken- og badeutstilling. Hos Fossline finner du et miljø som skiller seg ut fra de andre på mange vis med bl.a. håndmalte, stripelaserte og patinerte kjøkken. Eller velg mellom bjørk, kastanje, furu eller eik.

Dypere Fossline overskap gir deg (hele 15% mer) plass blant annet til dine store dekk tallerkener.

Vi forhandler også hvitevarer tilpasset ditt kjøkken fra:

**Electrolux**  
AEG, HUSQUARNA, ZANUSSI



LAMINATGULVET MED NOVO FLOOR FLIS- OG SKIFER-UTSEENDE!

Heretter blir det ingen sak å legge nytt flisgulv i kjøkkenet. Fra kr 228,- pr. m<sup>2</sup>

**ALF VALDE AS**  
6260 Skodje  
Telefon 70 24 44 60, Telefax 70 24 44 75  
www.fossline.com

ÅPNINGSTIDER:  
MAND.-FRED. 8-17. TORSD. 8-18. LØRD. 10-14

## Edvard-prisen til Knut Vaage

Komponisten Knut Vaage ble laurdag tildelt Edvard-prisen i klassen musikk for blåsere. Utdelingen skjedde i Grieghallen i Bergen under Europamesterskapet for brassband.

Vaage fikk TONO's Edvard-pris for verket «Grafitti», som er skrevet for brassensemble.

– En nyskapende komposisjon med spennende bruk av orkesterets besetning. Verket

har en original instrumentasjon i forhold til tradisjonene, og komponisten demonstrerer stor kompositorisk kontroll uten bruk av overflødige effekter. Dette er vakker musikk, og en verdig vinner, heter det i juryens begrunnelse.

Statssekretær Yngve Slettholm (KrF) i Kirke- og kulturdepartementet delte ut prisen, som består av et diplom, 40.000 kroner og Edvard-trofeet.

## Kontroversielt museum blir virkelighet

I uken som gikk skrev byens borgermester under på en kontrakt med Guggenheim. Byen har gått med på å betale den nye bygningen, som beregnes å koste godt over en milliard kroner.

Ifølge borgermesteren Cesar Maia innebærer dette et nødvendig løft for det slitte havneområdet der museet skal bygges. (NTB PLUSS)

## SJOKKPRISER!

**FIAT DOBLO** varebil

Nå fra kun kr

# 106.000

Eks.mva.

Før 123.300 eks.mva.

Motor Forum

## Sun Auto AS

Tlf. 70 17 72 70 - Spjelkavik